



Ivan Petrov Karatanev
Høylandsvegen 234
5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykkar: 9c3252aa-af78-491b-
a64b-6d967eff0507

Vår: 20/845 - 20/45283

Saksbehandlar:

Tone Furustøl

tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:

08.07.2020

Avslag på søknad om fritak for gebyr - gbnr 208/6 Hegernes

Administrativt vedtak.

Saknr: 735/20

Tiltakshavar:

Ivan Petrov Karatanev

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusere gebyret, jf. Alver kommune si gebyrforskrift punkt 4.10. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om fritak for gebyr mottatt 07.04.2020. Tiltakshavar søkte om oppføring av tilbygg samt søknad som sjølvbygger , mottatt den 25.11.2019. I vårt skriv av 25.03.2020 vart søknaden avvist. Det er sendt ut gebyr i saka etter gebyrregulativet for Alver kommune 2020 pkt. 9.1.5 bokstav b) for sak som avsluttast utan realitetsvedtak ved at saka vert avvist og saksbehandling er påbegynt med kr 1.700,-

Det er påberopt av tiltakshavar at det ikkje påløper gebyr for lang saksbehandlingstid. Det påløper kun gebyr for søknader som er godkjent og ikkje for søknader som vert avvist då dette følgjer av Norges Lov.

VURDERING:

Heimel for vurderinga er Alver kommune sitt gebyrregulativ for 2020, sjå vedlagte gebyrregulativ. Gebyr som kan kome i saka er gjeve med heimel i gebyr- og betalingssetjingane som gjeld for Alver kommune i 2020. Gebyrforskrifta er vedtatt av kommunestyret for Alver kommune, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §33-1. Gebyrforskrifta 2020 opnar opp for reduksjon av gebyr på nærare vilkår.

Vi forstår søknaden slik at det er søkt reduksjon av gebyr slik gebyrforskrifta opnar for. Det er ikkje mogleg å søkje om fritak for gebyr. I gebyrforskrifta punkt 4.10 står det:

«Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak. Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.»

Ordlyden særlege grunnar tilseier at det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka og at det ikkje er grunnar som normalt kan leggast til grunn i tilsvarande saker.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønnsmessige vurderingar i samband med førespurnad om gebyrfastsetjing. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngjevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre liknande saker. Presedensverknaden gjer seg gjeldande med stor styrke då kommunen har mange søknader med så store manglar at dei er kvalifisert til avvising og der tiltakshavar ønskjer å få gehør i høve gebyrutmåling for avvist sak.

Sjølv om behandlingstida i saken har vore lang frå 25.11.2019 fram til avvist vedtak den 25.03.2020, så var søknaden ikkje komplett på dette tidspunktet. Tidsfristar for saksbehandling etter plan- og bygningslova gjeld frå det tidspunkt søknaden er komplett. I denne saka er søknaden avvist på grunn av at det er så store manglar. Kommunen er samd i at det er uheldig at sakshandsamingstida har vore lang, men i samband med kommunesamanslåinga har Alver kommune hatt lang sakshandsamingstid.

Kommunen har tatt høgde for at mangelfulle saker kan avvisas og illeggast eit gebyr for påbegynt saksbehandling, jf. gebyrregulativet pkt. 9.1.5 bokstav b).

På denne bakgrunn kan vi ikkje sjå at det er lagt fram grunnar som tilseier at gebyret bør reduserast i denne saka.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er

motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/845

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gebyrregulativ 2020

Mottakarar:

Ivan Petrov Karatanev

Høylandsvegen 234

5915

HJELMÅS